

NÆRINGS- OG FISKERIDEPARTEMENTET
Postboks 8090 Dep
0032 OSLO

Dato	04.10.2024
Vår referanse	2024/33831-4
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Einar Atle Årdalsbakke
E-post	Einar.Atle.Ardalsbakke@vlfk.no
Telefon	57638210

Høyrings svar - midlertidige maksimalpriser for løyvepliktig drosjetransport med motorvogn som ikke er forhåndsbestilt

Vi viser til høyring vedr. forslag til midlertidig forskrift om maksimalpriser for løyvepliktig drosjetransport med motorvogn som ikkje er forehandsbestilt.

Vestland fylkeskommune sender vedlagt høyringsinnspel til høyringa.

Med helsing

Einar Atle Årdalsbakke
seniorrådgjevar
Mobilitet og kollektivtransport (MOK)

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Høyring - midlertidig maksimalpris for løyvepliktig transport med motorvogn som ikkje er førehandsbestilt (1) (1)
- 2 Saksprotokoll SAMO (8)
- 3 Saksprotokoll FUV (12)

Saksnr: 2024/33831-2
Saksbehandlar: Einar Atle Årdalsbakke

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		28.08.2024
Fylkesutvalet		19.09.2024

Høyring - midlertidig maksimalpris for løyvepliktig transport med motorvogn som ikkje er førehandsbestilt**Forslag til innstilling**

1. Vestland fylkeskommune er generelt positiv til innføring av forskrift om midlertidig maksimalpris i dei hittil uregulerte områda. Dette kan vere eit effektivt verkemiddel for å hindre utbreiinga av urimeleg høg prissetjing som ein har sett tilfelle av i dei større drosjemarknadene i landet.
2. Vestland fylkeskommune meiner at drosjeturar som er bestilt pr. telefon bør vere omfatta av forskrifta. Denne kundegruppa består i større grad av eldre og TT-brukarar enn andre kundegrupper, og bør også beskyttast mot utnyttande praksis og urimeleg høge prisar.
3. Vestland fylkeskommune er samd i departementet si vurdering når det gjeld varigheita på eitt år for forskrifta.
4. Saksframlegget elles inngår i Vestland fylkeskommune sitt høyringssvar.

Samandrag

Nærings- og fiskeridepartementet sendte den 4.7.2024 ut «Høring av forskrift om midlertidige maksimalpriser for løyvepliktig drosjetransport med motorvogn som ikke er forhåndsbestilt». Føremålet med den føreslegne forskrifta er å gjenopprette tilliten til drosjeprisane og hindre urimelege høge prisar. Pr. i dag gjeld ikkje maksimalprisreguleringa i kommunar med 20 000 eller fleire innbyggjarar, og ein befolkningstettheit på 80 innbyggjarar pr. kvadratkilometer eller høgare. Nærings- og fiskeridepartementet ynskjer å innføre mellombelse maksimalpriser i desse områda for drosjetransport som ikkje er bestilt på førehand.

Høyringsfrist er 26.9.2024.

Rune Haugsdal
fylkesdirektør

Anne Iren Fagerbakke
direktør
mobilitet og kollektivtransport

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Høringsnotat.pdf
- 2 Høring - midlertidige maksimalpriser for løyvepliktig drosjetransport med motorvogn som ikke er forhåndsbestilt
- 3 Forslag til forskrift om midlertidige maksimalpriser for løyvepliktig drosjetransport med motorvogn som ikke er forhåndsbestilt - høring.pdf

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Dette høringsforslaget gjeld innføring av mellombels forskrift om maksimalprisar for drosjetransport som ikkje er førehandsbestilt. Høringsforslaget er oppfølging av Stortinget sitt oppmodingsvedtak nr. 68 av 4. desember 2023, og som lyder: «*Stortinget ber regjeringen i løpet 2024 om å innføre midlertidige maksimalpriser for løyvepliktig drosjetransport med motorvogn i områder også uten eneretter for å gjenopprette tilliten til drosjeprisene, så fremt dette er mulig*». I dette ligg det opplysningar frå drosjekundar, som har bestilt drosje eller teke drosje frå drosjehaldeplass i område der maksimalprisforskrifta ikkje gjeld, om urimelege høge drosjeprisar.

Forskrift om takstregulering og maksimalprisar for løyvepliktig drosjetransport med motorvogn (maksimalprisforskrifta) fastset maksimalprisar for all løyvepliktig drosjetransport i enkeltturmarknaden i dag. Føremålet er å hindre urimelege høge prisar i marknader der det ikkje er tilstrekkeleg konkurranse, og gjeld ikkje i kommunar med 20 000 eller fleire innbyggjarar, og ein befolkningstettleik på 80 innbyggjarar per kvadratkilometer eller høgre. Maksimalprisforskrifta er i dag gjeldande i 319 av 356 kommunar.

Fiskeri- og næringsdepartementet føreslår ei ny forskrift om mellombelse maksimalprisar for drosjetransport som ikkje er førehandsbestilt. Forskrifta skal berre gjelde for kommunar som ikkje allereie er omfatta av maksimalprisforskrifta (37 av 356 kommunar) og berre for turar i spotmarknaden. I spotmarknaden praiar forbrukar enkeltturar frå ein drosjesjåfør etter å ha fått kontakt med sjåføren frå gata eller haldeplass. Forskrifta vil ikkje vere gjeldande for førehandsbestilte turar frå telefon eller applikasjon, eller turar i kontraktmarknaden. Dei uregulerte områda er i større grad prega av ein uoversiktleg marknad med mange aktørar.

Ettersom den føreslåtte forskrifta har ein mellombels varigheit (eitt år), og at føremålet er eit anna enn for gjeldande maksimalprisforskrift, er det departementet si vurdering at det vil vere meir hensiktsmessig å fastsette ei eiga forskrift for mellombelse maksimalprisar. Departementet føreslår at den mellombelse forskrifta skal virke ved sidan av føresegna i gjeldande maksimalprisforskrift. Maksimalprisforskrifta vil framleis gjelde for all løyvepliktig drosjetransport som ikkje er unnateke etter maksimalprisforskrifta § 1 andre ledd. Det betyr at drosjetransport som er omfatta av den mellombelse forskrifta, også er omfatta av dei andre føresegnene i maksimalprisforskrifta. Drosjetransport som er omfatta av den mellombelse forskrifta, må difor følgje føresegnene i maksimalprisforskrifta § 2, § 3, § 4 og § 5. Det betyr til dømes at det for praieturar i dei uregulerte områda ikkje er lov å differensiere takstane etter turen sin varigheit, strekning eller geografisk område.

Vestland fylkeskommune sitt høringsinnspel

Nærings- og fiskeridepartementet ønsker med denne høyringa å innføre ny mellombels forskrift som gjeld nasjonalt også i dei 37 kommunane som har område med større befolkning enn 20 000 innbyggjarar og ein befolkningstettleik på 80 innbyggjarar pr. kvadratkilometer eller høgre.

Vestland fylkeskommune er i hovudsak positiv til dei føreslegne endringane med å innføre ei ny forskrift, då det vil gje moglegheit for å kunne få like prisar i drosjemarknaden samt gjenopprette tilliten til drosjeprisane. Vi har likevel nokre merknader til forslaget.

Forslag til ny forskrift

Forskrift om midlertidige maksimalpriser for løyvepliktig drosjetransport med motorvogn som ikke er forhåndsbestilt

«§ 1 Anvendelsesområde

Forskriften kommer til anvendelse på løyvepliktig drosjetransport med motorvogn, hvor avtalen om transport inngås på gaten eller holdeplass.

Forskriften kommer ikke til anvendelse på:

- Drosjetransport som er bestilt på forhånd via telefon, applikasjon eller på annen måte.

- Drosjetransport hvor vilkårene for transporten er fastsatt i avtale inngått etter forhandlinger mellom oppdragsgiver og tilbyder, eller avtale inngått etter anbudskonkurranse.

- Drosjetransport hvor det er flere enn fire passasjerer i drosjebilen.

- Drosjetransport som er maksimalprisregulert etter kapittel 2 i forskrift om makspriser for drosjebilkjøring i FOR-2010-09-30-1307 (maksimalprisforskriften).

Maksimalprisforskriftens kapittel 1 kommer til anvendelse på drosjetransport omfattet av denne forskriften.»

§ 2 Vederlag for maksimalprisregulert drosjetransport

For maksimalprisregulert drosjetransport etter denne forskriften kan det ikke kreves andre tillegg eller høyere vederlag enn det som følger av §§ 3 til 7.

VLFK sine merknadar:

VLFK er positive til Nærings- og fiskeridepartementet sitt forslag om forskrift om mellombelse maksimalprisar for løyvepliktig drosjetransport. Fylkeskommunen har motteke fleire førespurnader frå drosjekundar som viser til høge drosjerekningar i Bergensområdet. Innføring av maksimalprisforskrift i dei hittil uregulerte områda, vil hindre denne type praksis og seinke terskelen for drosjekundar til å melda direkte til politiet eller til konkurransetilsynet om dei har betalt urimelege høge prisar.

Drosjetransport som blir bestilt via telefon samt kundar som tek drosje via drosjehaldeplassar kan oppleve at det blir teke urimeleg høge prisar på drosjetransport. Sjølv om drosjesjåførar pliktar å gje eit uoppfordra pristilbod før reisa startar, har vi inntrykk av at mange ikkje får pristilbod eller spør om pris for kortare reise, både for turar i spotmarknaden og telefonbestilte turar. Sjølv om det er drosjesentralar som oftast tek imot bestilling pr. telefon, har ein likevel ingen garanti for kva pris drosjebilen tek. Drosjane har framleis moglegheit til å ta dei takstane dei sjølv vil ved telefonbestilling.

Vestland fylkeskommune har forståing for at departementet vil unngå eventuelle negative konsekvensar ved å setje feil maksimalpris og at forskrifta difor berre blir innført til spotmarknaden. Departementet antar at det er i dette segmentet urimelege prisar er mest utbreidd, da kunden ikkje veit prisen på førehand, eller veit kvar dei skal venda seg om dei meiner dei har fått feil pris. Sidan spotmarknaden er ein liten og krympande del av den totale marknaden, vil konsekvensane av «feil» maksimalpris vere mindre enn om fleire delar av marknaden vert inkludert.

VLFK meiner at konsekvensane av å utelate telefonbestilte drosjeturar frå den mellombelse maksimalprisforskrifta vil i større grad gå utover dei eldre og andre sårbare grupper som oftare tingar drosje frå telefon enn andre brukarar (Menon, 2023)¹. Forslaget til departementet har ikkje i stor nok grad teke høgde for kva konsekvensar den føreslåtte forskrifta har for kundegruppa som bestiller drosjereiser pr. telefon. VLFK meiner at konsekvensane ved å utelate kundegruppa som nyttar telefon ved bestilling av drosje burde vore betre kartlagt. Ein ekskludering av denne type turar frå forskrifta kan føre til større grad av utnyttande praksis i dette segmentet enn tidlegare.

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet har vedtakskompetanse på høringsuttale i saka jf. reglement for fylkesutvalet pkt. 7.

Medverknad

Saka er meldt opp til rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og fylkeseldrerådet.

¹ Menon Economics (2023). Kartlegging av drosjenæringen. Menon rapport 29/2023. Oslo: Menon Tilgjengeleg her: <https://www.menon.no/wp-content/uploads/2023-29-Kartlegging-av-drosjenaeringen-1.pdf>

Vurderingar og verknader

Økonomi: Ingen merknad

Klima: Ingen merknad

Folkehelse: Ingen merknad.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi): Ingen merknad.

Konklusjon

Fylkesdirektøren tilrår at ein vedtek høyringsinnspela som kjem fram i saksframlegget.

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Vestland fylkeskommune er generelt positiv til innføring av forskrift om midlertidig maksimalpris i dei hittil uregulerte områda. Dette kan vere eit effektivt verkemiddel for å hindre utbreiinga av urimeleg høg prissetjing som ein har sett tilfelle av i dei større drosjemarknadene i landet.
2. Vestland fylkeskommune meiner at drosjeturar som er bestilt pr. telefon bør vere omfatta av forskrifta. Denne kundegruppa består i større grad av eldre og TT-brukarar enn andre kundegrupper, og bør også beskyttast mot utnyttande praksis og urimeleg høge prisar.
3. Vestland fylkeskommune er samd i departementet si vurdering når det gjeld varigheita på eitt år for forskrifta.
4. Saksframlegget elles inngår i Vestland fylkeskommune sitt høyringssvar.

Saksprotokoll i Fylkesutvalet - 19.09.2024

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Vestland fylkeskommune er generelt positiv til innføring av forskrift om midlertidig maksimalpris i dei hittil uregulerte områda. Dette kan vere eit effektivt verkemiddel for å hindre utbreiinga av urimeleg høg prissetjing som ein har sett tilfelle av i dei større drosjemarknadene i landet.
2. Vestland fylkeskommune meiner at drosjeturar som er bestilt pr. telefon bør vere omfatta av forskrifta. Denne kundegruppa består i større grad av eldre og TT-brukarar enn andre kundegrupper, og bør også beskyttast mot utnyttande praksis og urimeleg høge prisar.
3. Vestland fylkeskommune er samd i departementet si vurdering når det gjeld varigheita på eitt år for forskrifta.
4. Saksframlegget elles inngår i Vestland fylkeskommune sitt høyringssvar.